

Kreativ pynting til Festidalen.

17.06.2018



Avkøyrsala frå Fylkesvegen til Døsslandsido er ein god plass for profilering. Figurane er laga på Holmen og har tema: GARD.

Pyntinga til Festidalen held fram. I går var pyntegruppa med Gina Berge-Soldal som leiar vore på Sandabakkane og på Fet med nye artige installasjonar. Den rauden tråden er: GARD. Det ligg mykje arbeid bak figurane og dekorasjonane. Festidalen er truleg den festivalen på Vestlandet som skårar høgast på pynting og det å skapa trivsel og eit godt miljø rundt eit arrangement.

Gina har Therese Haugland og Edle Lomheim med seg på denne store oppgåva. Bjarte Døssland og Stig Berge-Soldal er gode medhjelparar.

Festidalen har ein klar profil og synleggjering i sentrum og langs Fylkesvegen er viktig. Difor er det alt pynta med banner og t-skjorter i på det gamle gardshuset i Lio, på løa til Tor Ove Rød på Rød og på Gamleskulen. Det er vimplar på lysstolpane i sentrum.

Meir kjem. Det neste er fugleskremsel og eplekassar med margaritter. Til slutt kjem det dukar og blomar, mellom anna på rastepllassen ved Thaivogna, Gamleskulen og på SPAR.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Elin Enes/Thor Inge Døssland



Banner og dekorasjon på Sandabakkane høyrer med når Festidalen skal profilerast.